



**Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Sandane Næringshage  
Sandane Senter, 3. etasje  
6823 Sandane

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3138

fmvlpost@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-  
Gjengedal

## Rådgevande utval for Naustdal-Gjengedal LVO

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/19446-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 01.10.2021

# Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Referat etter møte i Rådgevande utval 30.09.21

Torsdag 30.september kl 14.00 - 16.00, Thon hotell Jølster - Skei.

### Til stades:

Øyvind Hegrenes - grunneigar Angedalen  
Kjell Arne Hjellbrekke - Indre Sunnfjord turlag  
Ivar Teigen - grunneigar Naustdedalen  
Jostein Fuglestrand - grunneigar Kandal  
Anne Marie Mjellem - grunneigar Hyen  
Katrine Fjellestad Aske - Midtre Nordfjord turlag  
Erik Solheim - Naturvernforbundet  
Inge Erikstad - grunneigar Jølster og Villreinutvalet for Førdefjella

### Forfall:

Jan Over Kornberg - grunneigar Sørstranda  
Marita Lindvik - Reisemål Nordfjord  
Vidar Slettehaug - Sunnfjord Utvikling  
Liv Løken/Jacob Andre Sandal - Villreinnemnda for Sogn og Fjordane  
Erlend Aunevik - Nordfjord folkehøgskule

Frå forvaltninga møtte verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik. Styreleiar i verneområdestyret Karoline Bjerkeset vart forhindra grunna sjukdom.

## Saker:

### 1. Opning av møtet

AER opna møtet og ønskte velkommen.

Vi tok ei rask presentasjonsrunde der alle presenterte seg og sa kva dei representerte.



## 2. Orientering om forvaltning i 2021

AER gikk gjennom saker og forvaltning til no i 2021, og kva styre og forvaltninga har fokusert på i år.

Det vart brukt litt ekstra tid på å presentere nettsidene til verneområdet og til verneområdestyret og kva ein kan finne av informasjon og hjelp der.

## 3. Innspel frå utvalet til forvaltninga

Spørsmål frå JF: Vil gjerne vite meir om kriteria for å få midlar til skjøtselsarbeid. Det verkar litt tilfeldig kven som får slike midlar. Kven skal få ut informasjon om skjøtsel og tiltaksmidlar?

Svar AER: Det stemmer nok at det er litt tilfeldig i dag, og at vi ikkje har lukkast med å gjere det godt nok kjent at man kan gjere avtale om skjøtselsarbeid.

Forvaltninga vil gjerne ha hjelp frå utvalet med å få informasjon om skjøtselsplanar, skjøtselsavtalar og midlar til skjøtsel ut til grunneigarane!

Spørsmål frå AMM: Kven har ansvaret for vedlikehald av dei anlegga og tiltaka som forvaltninga gjer i og rundt verneområdet, til dømes kloppar?

Svar AER: I dei tilfella kor forvaltninga har stått for tiltaka og det skjer fullt og heilt i regi av forvaltninga, so vil forvaltninga og ha ansvar for vedlikehald. Forvaltninga vil og ha ansvar for å rydde opp dersom noko vert øydelagt eller ikkje vert brukt lenger. Vedlikehald av eksisterande infrastruktur har høg prioritet hos forvaltninga.

I del tilfella kor grunneigarar eller andre gjer tiltak vil dei sjølv ha ansvaret for eventuelt vedlikehald. Det gjeld og i dei tilfella kor forvaltninga har bidrege økonomisk.

## 4. Status på tiltak i 2021

AER gikk gjennom korleis tiltaksmidlane i 2021 har blitt fordelt og brukt, og litt om status på dei ulike tiltaka. 550.000 i tiltaksmidlar er fordelt på 12 ulike tiltak. 11 av desse har det blitt jobba godt med.

Spørsmål frå ES: Er det behov for og planer om fleire store tilretteleggingsprosjekt når dei som vert jobba med no er ferdig.

Svar AER: Nei, vi har ikkje fleire store tiltak på blokka, når vi no vert ferdig med stien inn til Byrkjeneset. Det vil framleis vere behov for vedlikehald, remerking og mindre tiltak på den eksisterande infrastrukturen.



## **5. Aktuelle tiltak i 2022**

AER gjekk gjennom kriteria for bruk av tiltaksmidlar og prosessen framover mot bestilling av tiltaksmidlar rundt nyttår.

Tiltaksmidlane er ikkje midlar som ein søker på, men grunneigarar, organisasjonar og andre kan kome med innspel og ønskjer om kva verneområdestyret bør prioritere.

Aller best er det om man kan lage ein enkel tiltaksplan eller skjøtselsplan og sende inn den. Ein slik plan kan vere ganske enkel, men bør seie noko om:

- Kva skal gjerast
- Kvifor skal det gjerast
- Korleis skal det gjerast
- Kven skal gjere det
- Kva vil det koste

Innspel, tiltaksplaner o.l. bør sendast inn til forvaltar i løpet av oktober.

AER gjekk gjennom dei aktuelle tiltaka som forvaltninga allereie har notert seg.

Spørsmål frå KAH: Er fiskekultivering aktuelle tiltak for tiltaksmidlar?

Svar frå AER: Fiskekultivering ligg ikkje innanfor postføremålet for tiltaksmidlane. Fiskeressurs og fiskerett ligg til grunneigar og ikkje til ålmenta. Men det kan vere aktuelt for Utviklingsfondet til Naustdal-Gjengedal.

IT fortalde om erfaringane dei har med fiskekultivering i Øvre Naustdal Utmarkslag.

## **6. Innspel om tiltak frå utvalet**

JF: Merking av stiar og ruter er veldig viktig for at folk skal finne trygt fram i områder kor dei ikkje er kjende. Grunneigarane ønskjer meir merking i fjella kring Kandal.

ES: I høgjellet og i urørt natur må man kunne forvente at folk har eit minimum av ferdigheiter innan orientering og bruk av kart og kompass. Ein kan ikkje merke overalt kor folk går.

KAH: Attgroing og lite ferdsel fører til at enkelte merka ruter er veldig utfordrande å halde ved like.

KFA: Det bør vere god og samanhengande merking av rutene som går inn til DNT-hyttene.



JF: Det er behov for noko meir klopplegging på ruta mellom Ryssdalsstøylen og Nesstøylen/Kandalsstøylen. Det er og ønskje om noko klopplegging langs stien frå Nesstøylen/Kandalsstøylen og innover mot Sørsendalen.

IT: I samband med leite- og redningsaksjonar, i område utan dekning for mobil, er det vanskeleg å finne koordinatar og få desse formidla til redningstenesta. Er det råd å få hengt opp nokon oppslag med ulike koordinatar?

## **7. Ymse**

Ingen saker

Med helsing

Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar (referent)

*Dokumentet er elektronisk godkjent*